

• Næringsliv



Eksportverdi: Bjørn Eidem, prosjektleiar i Ruralis, varslar kraftig fall i eksporten av jordbruksvarer, som Jarlsberg-ost på norsk mjølk, når regjeringa vil forby hald av pelsdyr og fje

Ventar kraftig fall i eksport

Regjeringspartia vil auke eksporten av norske jordbruksvarer, men eit forbod mot pelsdyr og kutt i eksportstøtta til ost fjernar dei to største eksportsuksessane.

Medan regjeringspartia tar til orde for auka eksport av norske jordbruksvarer, vil i praksis eksporten gå kraftig ned dei komande åra.

Det går fram av tal som prosjektleiar Bjørn Eidem i Ruralis, institutt for rural- og regionalforskning, la fram på eit seminar i regi av AgriAnalyse.

Fallet i eksportverdien kan bli på rundt 1,2 milliardar kroner,

eller godt over halvparten av den samla eksporten av viktige varer frå norsk primærjordbruk.

– Paradoxsalt

– Eksporten av norske jordbruksvarer er dømt til å gå ned ganske kraftig dei neste åra. Jarlsberg er størst og pelsdyr nest størst, og pelsdyr er den einaste genuint eksportretta næringa i norsk jordbruk. Frå

eit samfunnsøkonomisk og handelspolitisk synspunkt er det djupt beklageleg, seier Eidem.

Han legg ikkje skjul på at han synest det er eit paradoks at dei to viktigaste eksportsuksessane frå norsk jordbruk blir fjerna når regjeringa samtidig gir uttrykk for at dei ønsker seg meir eksport frå jordbruket.

– Det blir brukt ein politisk argumentasjon basert på følelsar for å avvike ei viktig næring og ei tradisjonell eksportnæring. Det er heilt spesielt og unikt, seier Eidem.

– Avgrensa potensial

Eidem har saman med Hanne

Eldby i AgriAnalyse laga ein rapport om sjansen for satsing på eksport av norske jordbruksvarer. Der konkluderer dei med at sjansen for eksport er avgrensa. Ein realistisk eksportstrategi meiner dei må byggast på følgjande punkt:

- Gløym eksport av svin, storfe, kylling og volumprodukt frå grønt og meieri
 - Jobb med lam og utvalde nisjeprodukt
 - Gjer ein skikkeleg jobb med plussprodukt, deriblant sau
 - Sats på å vidareutvikle pelsdyrnæringa
- Dei konkluderer elles med at lønsam eksport vil ta tid og sjølv ei vellukka satsing vil berre kunne

utgjere avgrensa volum opp mot totalproduksjonen.

– Generelt er det vanskeleg å få til eksport av norske jordbruksvarer på grunn av høgt kostnadsnivå. For storfe, svin og fjørfe er prisforskjellen så stor at på dei varene kan ein berre gløyme eksport, seier Eidem.

Småfe og fenalår

Eidem seier at det er verdt å sjå nærare på sjansen for eksport av sauer og lam. Sauer kan ifølgje Eidem utviklast som eit plussprodukt for eksport til land i Asia.

Lam seier han er mykje vanskelegare.

– Men det er verdt å utforske